

# ALVER KULTURRÅD

Til  
Alver kommune  
Kulturkontoret

20. aug 2020

## Ang uttale på «sak om kommunal driftstilskot til lag/foreningar i Alver kommune»

Alver kulturråd ønskjer ei føreseieleg og heilskapleg tilskotsordning som er enkel å handsame. Det må vere enkelt både for søkjarar, sakshandsamarar og politiske beslutningstakarar. Samstundes er det viktig at tilskotspolitikken stimulerer til rekruttering og kompetanseheving lokalt.

Ei fast tilskotsordning vil vere synleg og berekraftig kulturpolitikk. Og særskilt viktig blir dette når det gjeld faste tilskot til aktørar av nasjonal kvalitet, og jamvel aktørar med solid europeisk omdøme. Ein må ha brei og kontinuerleg debatt kring framtidige kandidatar som skal vurderast til fast tilskot.

Når det gjeld kva for lag/foreningar i Alver kommune som kan kome inn under ordninga så meiner Alver kulturråd at **Manger Musikklag, Eikanger Bjørsvik Musikklag** og **Knarvikmila AKS 77** er gode kandidatar.

Saksutgreiinga nemner forslag på tilskot til nokre av musea i kommunen. Alver kulturråd meiner at fast tilskot til musea treng ein snarleg gjennomgang grunna talet på kulturinstitusjonar som kan vere aktuelle. Dette må sjåast i samanheng med eventuell tilskot som gjevast til aktivitetar i både Museumssenteret i Hordaland, til Museum Vest, til private og offentlege samlingar.

Alver kulturråd forstår at det er «dei frivillige fyrstårna» som er på agendaen. Men Alver kulturråd vil nemne fast tilskot til Alver kulturråd og Alver Idrettsråd som ei sak som har vore snakka om i lang tid. Støtta til kulturråd og idrettsråd bør vere ei fast løyving utanom kulturmidlane. Det vil gjere arbeidet i dei to råda meir føreseieleg. Løyvinga til dei to råda bør i utgangspunktet vere lik. Merk at dette er eit innspel som ikkje har vore til felles debatt i dei to råda.

Alver Kulturråd takker for positivt samarbeid.

På vegne av styret i Alver kulturråd



Arild Hagenes  
Styreleiar



Per Ole Ekker  
Sekretær

---

Epost

[kulturrad@alver.kommune.no](mailto:kulturrad@alver.kommune.no)